

## Aust-Telemark VO –Styringsgruppemøte 02.10.2014

### Saksutgreiing

#### **Sak 07.03: Forslag til regional plan for vassforvaltning i Vest-Viken vassregion 2016-2021 – høyring og offentleg ettersyn**

#### *Tilråding om vedtak:*

Styringsgruppa i Aust-Telemark VO godkjenner Regional plan for vannforvaltning i vannregion Vest-Viken 2016-2021 del 1 og 2, Regionalt tiltaksprogram 2016-2021, Regionalt overvakingsprogram 2016-2021 og Handlingsprogram 2016, med dei merknader som er sett opp under “Kommentarar/ merknader til høyringsdokumenta”.

#### *Bakgrunn*

I samsvar med plan- og bygningslova §8-3 og vassforskrifta § 28 har fylkesutvala i Telemark, Buskerud, Vestfold, Oppland, Aust-Agder, Hordaland og Akershus fylkeskommunar, samt fylkesrådmannen i Sogn og Fjordane fylkeskommune, vedteke å leggje forslag til Regional plan for vannforvaltning i vannregion Vest-Viken 2016-2021 ut til høyring og offentleg ettersyn. Høyringsperioden er 01.07.2014-31.12.2014. Alle kan delta i høyringa.

Høyringsdokumenta ligg på <http://www.vannportalen.no/hoved.aspx?m=36293&amid=3650524>, og omfattar:

1. Forslag til Regional plan for vannforvaltning i vannregion Vest-Viken 2016-2021, del 1 og del 2 (del 1: Planbeskrivelse og planrapport, del 2: Vannområdene i vannregionen)
2. Forslag til Regionalt tiltaksprogram i vannregion Vest-Viken 2021, med vedlegg
3. Forslag til Regionalt overvåkingsprogram i vannregion Vest-Viken 2016-2021, med vedlegg
4. Forslag til Handlingsprogram for vannregion Vest-Viken 2016

Regional plan for vassregion Vest- Viken er utarbeidd av vassregionmyndigheita (VRM) i samarbeid med fylkeskommunane i vassregionen, på grunnlag av nasjonale og regionale føringar, vesentlege vassforvaltningsspørsmål i regionen og lokale tiltaksanalysar. Hovudgrunnlaget for planforslaget er dei lokale tiltaksanalysane (dokument og tiltakstabell) som er utarbeidd av dei 18 vassområda i Vest-Viken vassregion. Dei lokale tiltaksanalysane ligg på <http://www.vannportalen.no/hoved.aspx?m=36293&amid=3644331>.

Regional vassforvaltingsplan med regionalt tiltaksprogram og regionalt overvakingsprogram skal vedtakast som regional plan i alle fylkeskommunane som har område i vassregionen (jf. plan og bygningslova § 8-4). Etter vedtak i fylkestinga, skal forvaltingsplanen til godkjenning av Kongen i statsråd. (Regionalt tiltaksprogram og overvakingsprogram skal ikkje godkjennast av Kongen, desse dokumenta skal berre vedtakast av fylkestinga). Regional vassforvaltingsplan, vedtaka i fylkestinga og den kongelege resolusjonen utgjer til saman godkjent vassforvaltningsplan. Planen skal gjelde for perioden 2016-2021 og er den første av i alt tre planrundar fram til og med 2033. Planen skal rullerast kvart 6. år.

Planen gjev føringar til kommunane, regionale og statlege myndigheiter, som gjennom planen er forplikta til å leggje miljømåla til grunn for all planlegging og verksemd. Planen er sektorovergripande, og skal medverke til å samordne og gje retningslinjer for arealbruken på tvers av kommune- og fylkesgrenser. Dersom retningslinjene ikkje blir følgd, gjev dette grunnlag for å fremje motsegn etter plan- og bygningslova.

Risikoen for ikkje å nå miljømåla i Aust-Telemark vassområde er særleg knytta til fysiske inngrep i vassførekomstane. Vidare er forureina avløpsvatn frå kommunale avløpsanlegg eit miljøproblem. Elles er mange vassførekomstar sett i risiko på grunn av at kunnskapsgrunnlaget er for dårleg. Dette gjeld vassførekomstar der ørekyt er innført, og vassførekomstar som har ukjent grad av forureining frå tilsig frå avfallsdeponi eller avløp frå hytter/ spreidd busetnad, landbruk og trafikk/ infrastruktur. Forsuringssituasjonen i mange vatn er forbetra i høve til tilstanden på 1970-talet, men utviklinga bør følgjast gjennom overvaking av fleire vassførekomstar i basisovervakinga.

Aust-Telemark vassområde bør kontrollere at viktige tiltak/ satsingsområde i den lokale tiltaksanalysen har kome med i det regionale planforslaget. Lokal tiltaksanalyse er forankra lokalt både gjennom administrativ og politisk deltaking frå kommunane, og gjennom innspel frå brukarinteressene.

## *Høyringsdokumenta*

### Forslag til regional vassforvaltningsplan, del 1

Regional vassforvaltningsplan gjev ein oversikt over påverknader og miljøtilstand i vassførekomstane i Vest-Viken vassregion. Planen fastsett forslag til miljømål for alt vatn i regionen og legg føringar for når miljømåla skal vera nådd, fortrinnsvis i planperiode 2016-2021 eller i seinare planperiodar (2022-2027 eller 2028-2033). Forslag til miljømål er fastsett i samsvar med vassforskrifta §§ 4-6, og forslag til unntak i samsvar med §§ 8-11. Vidare omtalar planen m.a. overordna prioriteringar i vassregionen.

Offentleg forvaltning har ansvar for at miljømåla blir nådd, og miljømåla skal oppfyllest gjennom bruk av rettslege verkemiddel i sektorlovverket. VRM har ansvar for å koordinere arbeidet med gjennomføringa av planen.

### Forslag til regional vassforvaltningsplan, del 2

Denne delen av forvaltningsplanen omtalar påverknader, miljøtilstand og miljømål i det enkelte vassområdet vassregionen, og gjev ein oversikt over vesentlege vassforvaltningsspørsmål, dei viktigaste påverknadene, vassførekomstar i risiko, forslag til sterkt modifiserte vassførekomstar, vassførekomstar med forslag om utsett frist for å oppnå miljømåla og vassførekomstar med mindre strenge miljømål. Aust-Telemark vassområde er omtala på side 18- 32 i dokumentet.

### Forslag til regionalt tiltaksprogram m/ vedlegg

I følgje vassforskrifta § 25 skal tiltaksprogrammet vera sektorovergripande og byggje på gjennomførte analysar og vurderingar. Det skal vera i samsvar med nasjonale føringar og statlege planretningslinjer som omtala i plan- og bygningslova § 6-2.

Regionalt tiltaksprogram gjev ein overordna oversikt over alle foreslåtte tiltak som må gjennomførast i vassdrag, kystvatn og grunnvatn for å nå miljømåla, og programmet dannar grunnlag for meir detaljert

planlegging av tiltak. Vidare sakshandsaming skal gjerast av ansvarlege sektormyndigheiter, som må gjera avklaringar og konkrete vurderingar av fordelar og ulemper av dei enkelte tiltaka før endeleg avgjerd om tiltaksgjennomføring. Tiltak skal vera igangsett 3 år etter at planen er godkjent.

Tiltaksprogrammet må sjåast i samanheng med miljømåla for vassførekomstane og prioriteringar gjort i dokumentet "Regional plan for vannforvaltning i vannregion Vest-Viken 2016-2021".

Vedlegget til regionalt tiltaksprogram er ein tabell på 1269 sider der alle forslag til titak for alle vassførekomstar i vassregionen er opplista. Side 1205-1269 gjeld tiltak i vassførekomstar I Aust-Telemark vassområde.

### Forslag til Regionalt overvakingsprogram m/ vedlegg

Overvakingsprogrammet er heimla i vassforskrifta § 18.

Basisovervaking skal gjennomførast i eit nettverk av faste overvakingsstasjonar, som skal omfatte dei mest vanlege vassstypene, dei største innsjøane, vassdraga og grunnvassførekomstane i kvar region, og skal ha stasjonar både i upåverka og påverka vassførekomstar. Gjennom denne overvakinga skal vi kunne fastslå naturleg tilstand i uberørt norsk natur, følgje dei naturlege langsiktige endringane, og skaffe grunnlagsdata for å vurdere effekten av menneskeleg påverknad. Basisovervakinga skal også skaffe grunnlag for å vidareutvikle klassifiseringssystemet som blir bruka til å fastsetje miljøtilstand. Nasjonale myndigheiter har ansvaret for å utarbeide og gjennomføre basisovervakinga.

Tiltaksorientert overvaking skal fastslå tilstanden til vassførekomstar som er sett i risiko for ikkje å nå miljømålet, og skaffe data for å vurdere eventuelle endringar i tilstanden som følgje av tiltaksprogrammet. Fylkesmennene har ansvar for å utarbeide tiltaksorientert overvakingsprogram.

Problemkartlegging skal avklare miljøtilstanden i vassførekomstar der påverknadsgraden er usikker, samt finne årsak til og omfang av eit miljøproblem. Denne overvakinga er som regel av kortvarig karakter. Fylkesmannen har ansvar for å utarbeide program for problemkartlegginga.

Det er viktig at kommunane/ vassområdet gjev innspel til Fylkesmannen om kva vassførekomstar som bør vera med i overvakingsprogrammet.

Overvakingsprogrammet i det enkelte vassområdet er vist i vedlegg til regionalt overvakingsprogram. Program for Aust-Telemark VO er vist på side 358-367.

### Forslag til Regionalt handlingsprogram

I samsvar med plan- og bygningslova § 8-1 skal det utarbeidast årleg handlingsprogram for alle regionale planer. Handlingsprogrammet skal gje ei vurdering av kva planen krev av oppfølging, vurdere ressursbehov og utpeike ansvarlege organ og samarbeidspartnarar for gjennomføring av planen.

## *Kommentarar/ merknader til høyringsdokumenta*

### Forvaltningsplanen, del 1

1. Planen peikar i stor grad på utfordringar som gjeld for Aust-Telemark vassområde, dette gjeld i særleg grad utfordringar i vassførekomstar med fysiske inngrep. Planen har forslag om at Mår-Gjøystreguleringane (prioritet 1.2 i nasjonal gjennomgang av vassdragskonsesjonar som kan

reviderast innan 2022) må prioriterast ved revisjon på lik line med vassdrag som har fått høgste prioritet (prioritet 1.1) i den nasjonale gjennomgangen. Vidare at slutthandsaminga av søknaden om fornying av tilleggskonsesjonen for Møsvassreguleringa må få høg prioritet i OED. Planen støttar også innkalling til konsesjon etter vassressurslova § 66 for Skarfoss, Måna på strekninga mellom Skarfoss og Dam Mæland, samt fem bekkar som er ført inn på tunnelen til Såheim kraftstasjon.

2. Planen har ei generell tilråding til kommunane om å samarbeide med andre kommunar for å finne gode avløpsløyser, at dei skal prioritere dei anlegga som har størst negativ påverknad på vassforekomstane, prioritere anlegg som ligg i nedbørsfelt til drikkevasskjelder og i område som har forventa størst auke i folketalet i åra framover.
3. Kap. 2 (side 23) har eit avsnitt om bruk av § 12 i vassforskrifta ved nye vassdragskonsesjonar. Bruken av § 12 bør utdjupast nærmare.
4. Uberørt natur og reint vatn har stor attraksjonskraft for busetjing. I kap 5.1, under kapittel om “Lokale samfunnsmessige behov”, kan “auka bolyst” førast opp som ein viktig faktor for vassforvaltning/ lokal arealforvaltning.
5. Det bør vera eit satsingsområde å hindre spreieing av ørekyt til fleire lokalitetar, særleg til gode aurevatn på Hardangervidda. Vassområdet saknar eit kapittel om spreieing av framande arter under kap. 5.2 “Vannregionens prioriteringer”.
6. For å redusere vassforurensing frå jordbruket, tilrår planen i kap. 5.2.2 at regionale miljøprogram i landbruket (RMP) målrettar tiltak inn mot vassforvaltningsarbeidet og tildeler midlane til dei områda som har størst behov. I Øvre Telemark er forureining av vassførekomstane frå jordbruksavrenning relativt liten. RMP er fylkesvise ordningar, og dersom RMP blir meir retta mot vassforvaltning kan dette gje negativ uttelling for Øvre Telemark her tilskott etter RMP m.a. går til seterdrift o.a. kulturlandskapspleie. Planen forslår også at SMIL-midlar (Spesielle tiltak i landbrukets kulturlandskap) som blir fordelt kommunevis, blir prioritert til vassforvaltningsarbeid i område som er mest jordbrukspåverka, noko som også kan gå ut over tiltak i Øvre Telemark.

## Forvaltningsplanen, del 2

1. Under “Vesentlige vannforvaltningsspørsmål i vannområdet”, kulepkt. 2, bør det stå: Erosjon og stranding av fisk i inntaksmagasinet Skarfoss på grunn av rask nedtapping i magasinet ved overføring av vatn frå Møsvatn til kraftverka i Vestfjorddalen. Vatnet blir i periodar også nytta til drikkevatt for Rjukan, og den raske nedtappinga kan føre til dårleg drikkevasskvalitet.
2. I tabellane over elvevassførekomstar og innsjøvassførekomstar i risiko, er ikkje vassførekomstar som har framande arter som einaste påverknad oppført. Følgjande vassførekomstar bør tilføyast i tabellane:

Vannforekomst-ID	Navn	Økologisk tilstand	Miljømål
016-1435-R	Bikkjeliåi		GØT
016-1438-R	Tangeåi		GØT
016-1431 –R	Kulingstjønn/ Homvatn bekkfelt		GØT
016-1440-R	Homvassbekken		GØT

016-2193-R	Bikkjeliåi bekkefelt		GØT
016-2901-R	Grosetåe m/bekkefelt		GØT
016-1426-R	Hondle (Møsvatn-Hortåe)		GØT
016-1429-R	Nedre Hondle bekkefelt		GØT
016-1780-R	Møsvatn (Møsvassdammen-Storfjorden) bekkefelt		GØT
016-2166-R	Øvre Bjørvatn/Lone/ Gåstjønnåe		GØT
016-1614-R	Øvre Bjørvatn/ Gåstjønnåe bekkefelt		GØT
016-2254-R	Raua-Reisjå- Holkåe-Mælåe		GØT
016-2253-R	Resjå-Holkåe-Holmvatn bekkefelt		GØT
016-630-R	Gjuvsjå, bekkefelt sør		GØT
016-895-R	Gjuvsjå, bekkefelt aust		GØT

Vannforekomst-ID	Navn	Økologisk tilstand	Miljømål
016-74-L	Øvre Grottetjønn		GØT
016-11869-L	Gjuvsjå		GØT
016-12319-L	Nedre Bjørvatn		GØT
016-12549-L	Homvatn		GØT
016-12486-L	Kulingstjønn		GØT

- I tabellen over sterkt modifiserte vassførekomstar (SMVF) bør det tilføyast "Badevasskvalitet" ( i tillegg til "Oppvandring, gyting og leveområde for aure") som operativt miljømål for VF 016-2049-R Måna (Dam Mæland-Våerbekken), 016-2050-R Måna (Dam Dale-Dam Mæland) og 016-2479-R Måna (Mæl-Dam Dale), og "Drikkevasskvalitet" (i tillegg til "Unngå stranding av fisk og erosjon") for 016-12399-L Skarfoss.
- Vassområdet meiner at vassførekomsten 016-364-R Vesle Månelie, nedstrøms bekkeinntak bør få mindre strenge miljømål, i staden for utsatt frist.

### Tiltaksprogrammet

- Vassområdet meiner at tiltaksprogrammet gjev ein god overordna oversikt over alle foreslåtte tiltak som må gjennomførast i regionen for å oppnå god miljøtilstand i vassførekomstane. Oversikten viser alle tiltakstypar/antall av kvar tiltakstype som er foreslått for kvar type påverknad i regionen/ vassområda.
- I vedlegg til tiltaksprogram er alle tiltak for alle vassførekomstar i risiko i vassregionen opplista, men utan ei vurdering av kost/ nytte og ei prioritering av tiltak.
- Under kulepkt i samandraget til tiltaksprogrammet må alle tiltaksgrupper som er viktig i vannregionen vera opplista.

## Overvåkingsprogrammet m/vedlegg

1. Vassområdet meiner at regionalt overvåkingsprogram har ein god omtale av dei ulike overvakingstypene og av ansvarsfordelinga ved gjennomføring av programmet.

Følgjande merknader gjeld overvåkingsprogram for Aust-Telemark vassområde (side 358-367 i vedlegget til regionalt overvåkingsprogram):

2. Det er mange vassførekomstar i vassområdet som har usikker miljøtilstand på grunn av for dårleg kunnskapsgrunnlag. For å få klarlagt miljøtilstanden i desse vassførekomstane har dei forslag om problemkartlegging som tiltak i lokal tiltaksanalyse. Vassførekomstane burde dermed vera oppført i tabellen for problemkartlegging i overvåkingsprogrammet. Berre to vassførekomstar er oppført med problemkartlegging, medan enkelte er oppført i tabellen over tiltaksretta overvaking. Det er skilnader mellom problemkartlegging og tiltaksretta overvaking når det gjeld gjennomføring, finansiering, rapportering m.m. og vassførekomstar som skal overvakast bør derfor setjast opp i riktig overvåkingsprogram.
3. Ein del vassførekomstar har forslag om overvaking av kvalitetselement relatert til påverknader som har liten grad av påverknad i den aktuelle lokaliteten.
4. Tiltaksorientert overvaking skal utførast i vassførekomstar som står i fare for ikkje å nå miljømåla, t.d. i lokalitetar med fysiske inngrep. Tabellen har ei kolonne som heiter "Gjelder også". Sidan tabellen er i PDF-format er det umuleg å utvide kolonna og finne ut kva vassførekomstar som er lagt inn her. Det går såleis ikkje fram av tabellen kva vassførekomstar som er med i tiltaksretta overvaking.
5. Effekten av langtransportert forureining blir overvaka gjennom basisovervakinga. I den lokale tiltaksanalysen blir det omtala at mange vatn og vassdrag i vassområdet var forsura på 1970-talet. Tålegrensekart viser at mengde sur nedbør ligg under tålegrensa i storparten av vassområdet i dag, men at enkelte område fortsatt har litt høg tilføring av sur nedbør. Dette gjeld heilt vest i vassområdet (innst i Kvenna-vassdraget), fjellområda kring Vinjefjorden i Møsvatn og lengst aust i vassområdet (beltet over Tinnsjø sør for Hovin brygge, frå Blefjell til Sjøvatn). Basisovervakinga innheld overvaking av lokalitetar innst i Kvennavassdraget og i Sjøvass-området, men bør også følge forsuringssituasjonen i lokalitetar på Blefjell og områda kring Vinjefjorden.

## Handlingsprogrammet

1. Vassområdet meiner at handlingsprogrammet gjev ein oversiktleg og delaljert plan for gjennomføring av oppgåvene til dei ulike aktørane.
2. Vassområda står oppført som medansvarleg for fleire av aktivitetane. Det er usikkert om vassforvaltningsarbeidet blir organisert gjennom vassområde etter 2015.

## Vassregionmyndigheita (VRM) ber spesielt om innspel og synspunkt på følgjande seks punkt:

1. Eksisterer det kunnskap som ikkje er omhandla / lagt til grunn i forslag til forvaltningsplan? Vassområdet er ikkje kjent med at det eksisterer kunnskap som ikkje er teke inn i arbeidet med forvaltningsplanen.
2. Er planen realistisk med hensyn til gjennomføring/ når vi miljømåla for vassførekomstane innan fristen med tiltaka som er foreslått? Er det forslag til andre tiltak?

Vassområdet meiner at dersom det skal vera realistisk å gjennomføre planen og nå miljømåla, må følgjande forutsetningar vera oppfylt:

- NVE må ta meir ansvar ved utgreiing av tiltak, enn kva sektoren gjorde i arbeidet med tiltaksanalysen. NVE må også ta ansvar når det gjeld å konkretisere miljømål for sterkt modifiserte vassførekomstar (SMVF).
- Større statlege overføringar, t.d. til kunnskapsinnhenting/ problemkartlegging og til utbetring av kommunale avløpsanlegg.
- Fornyng av konsesjonen for Møsvassreguleringa som ligg til slutthandsaming i OED må avgjerast innan relativt kort tid. Måna på strekinga Dam Mæland til Mæl har miljømålet GØP i 2021. I tillegg til minstevassføring, er det forslag om biotopjustering for aure/ storaure og avløpstiltak. Desse tiltaka må vurderast i samanheng med kva minstevassføringar som blir pålagt i Måna. Vassførekomstane Vestfjorden, Rollag øvre, nedre Måna (Mæl-Dam Dale), Auståe og Veståe har mange ulike påverknader /forslag til tiltak som bør vurderast i samanheng. Her er det mange sektorar som har ansvar, noko som er ei ekstra utfordring ved tiltaksgjennomføring. Vurdering av tiltak må også her sjåast i samanheng med minstevassføringa i Måna.
- Det må opnast for revisjon av Mår-Gjøystreguleringane med innføring av minstevassføring og magasinrestriksjonar, for at vassførekomstar i desse vassdraga skal nå miljømålet GØP i 2027.

3. *Er det behov for strengare miljømål i særskilte vassførekomstar og/ eller nedbørfelt? I henhold til anna lovverk/ andre planer, t.d. naturmangfoldlova?*

Vassområdet er ikkje kjent med at det finnst vassførekomstar som har behov for strengare miljømål.

4. *Er det samsvar mellom foreslåtte prioriteringar og øvrige samfunns mål? Gjev forslag til plan eit godt grunnlag for dei prioriteringar og avvegingar som kommunane og sektormyndigheiter må ta?*

Planen støttar samfunns mål innafor friluftsliv, reiseliv, busetjing, folkehelse/ trivsel, næringsliv og biologisk mangfald.

Dei nasjonale føringane for vassdrag med kraftproduksjon er gjeve for å sikre balansen mellom miljøforbetringar og produksjon av fornybar energi, og byggjer på den nasjonale gjennomgangen og prioriteringa av vassdragskonsesjonar som kan reviderast innan 2022 (NVE-rapport 49:2013). I denne gjennomgangen har Mår/ Gjøystreguleringane fått prioritet 1.2, d.v.s. at dei ikkje er prioritert for innføring av minstevassføring og magasinrestriksjonar. Bakgrunnen for prioriteringa er at minstevassføring vil føre til stort krafttap. Tinn kommune/ Aust-Telemark vassområde meiner at vurderinga av krafttapet er gjort på feil grunnlag, og at minstevassføring vil bety langt mindre krafttap enn det som blir hevda i rapporten. Vidare er villreinstamma på Hardangervidda ikkje vektlagt i prioriteringa, noko som burde vege tungt sidan Noreg har internasjonale forpliktelsar i høve til villrein. Forvaltningsplanen støttar synet til Tinn kommune/ vassområdet, og har gjeve Mår/ Gjøyst-vassdraga høgste prioritet for revisjon.

5. *Er det behov for nye verkemiddel, eller forbetring av eksisterande verkemiddel?*

Vassområdet meiner det må bli ei styrking av følgjande verkemiddel:

- Det må utarbeidast forskrifter for sakshandsaming av revisjonar av vassdragskonsesjonar
- Auka ressursar til sakshandsaming av revisjonar / fornyng av vasskraftkonsesjonar/ innkalling til konsesjonar i kommunane, NVE og OED
- Auka ressursar til problemkartlegging og kunnskapsinnhenting

- Auka ressursar til forskning på effektar av klimaendringane
- Auka ressursar til forskning på ny miljøteknologi som kan redusere klimaendringane

6. *Korleis bør vassregionen vera organisert på regionalt nivå/ vassområdenivå for å oppnå ei heilskapleg vassforvaltning?*

Arbeidet med gjennomføring av tiltak frå 2016 blir utfordrande, og det vil bli viktig med god samhandling og koordinering både lokalt og regionalt mot sektormyndigheitene. Vassområdet meiner at det bør koma på plass ei varig organisering etter modell frå dagens prosjektorganisering i arbeidet med gjennomføring av tiltak og rullering av forvaltningsplanen, d.v.s. ein modell som byggjer på partnerskap mellom kommunar, fylkeskommunar, fylkesmenn og regionale sektormyndigheiter . Organisasjonen må ha eit tydeleg mandat.

Politisk styringsgruppe er eit viktig bindeledd mellom vassforvaltningsarbeidet og resten av det politiske miljøet i kommunane, og har ein viktig funksjon for å oppnå god lokal forankring av vassforvaltningsarbeidet.

Det bør vurderast om brukarinteressene skal involverast meir direkte i vassforvaltningsarbeidet, ved deltaking i arbeidsgruppa og/ eller i temagrupper.

Vedlegg:

1. Forslag til Regional plan for vannforvaltning i vannregion Vest-Viken 2016-2021. Høringsutgave 6. mai 2014: Del I - Planbeskrivelse og planrapport
2. Forslag til Regional plan for vannforvaltning i vannregion Vest-Viken 2016-2021. Høringsutgave 6. mai 2014: Del II – vannområdene i vannregionen
3. Forslag til Regionalt tiltaksprogram i vannregion Vest-Viken 2016-2021. Høringsutgave 6. mai 2014
4. Vedlegg til Regionalt tiltaksprogram
5. Forslag til Regionalt overvåkingsprogram i vannregion Vest-Viken 2016-2021. Høringsutgave 6. mai 2014
6. Vedlegg til regionalt overvåkingsprogram
7. Forslag til Handlingsprogram for vannregion Vest-Viken 2016. Høringsutgave 6. mai 2014

Vedlegga ligg på <http://www.vannportalen.no/hoved.aspx?m=36293&amid=3650524>